



DET KONGELEGE  
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 83

(2003–2004)

## Om lov om oppheving av lov 18. juni 1971 nr. 79 om Norsk språkråd

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 11. juni 2004,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Innleiing

Kultur- og kyrkjedepartementet legg med dette fram forslag om å oppheva lov om Norsk språkråd. Formålet er å leggja til rette for at Norsk språkråd frå 1. januar 2005 skal kunna erstattast av ein ny institusjon som førebels er omtalt som eit kompetansesenter for norsk språk.

I proposisjonen viser departementet kort til bakgrunnen for arbeidet med å omdanna Norsk språkråd og korleis Stortinget tidlegare har behandla denne saka.

Det blir vidare gjort nærmare greie for det viktigaste av det arbeidet som til no er gjennomført etter at omdanningsarbeidet for alvor kom i gang på nyåret 2003. Proposisjonen skisserer også korleis departementet tenkjer seg den vidare prosessen, og kvifor det no er nødvendig å oppheva gjeldande lov om Norsk språkråd for å kunna gjennomføra ein slik prosess.

Departementet viser til at det ikkje trengst alternativ lovheimel for å etablere den nye institusjonen frå 1. januar 2005. Det blir likevel streka under at dette ikkje er til hinder for at spørsmålet om alternativ lovgjeving kan vurderast som eit ledd i den vidare omdanningsprosessen eller seinare.

### 2 Kort om bakgrunnen

På bakgrunn av den orienteringa som Stortinget fekk i samband med budsjettbehandlinga hausten 2002, innleidde Kultur- og kyrkjedepartementet i 2003 ein prosess for å omdanna Norsk språkråd til eit meir utoverretta kompetanseorgan for norsk språk, jf. St.prp. nr. 1 (2002–2003) for Kultur- og kyrkjedepartementet (budsjettproposisjonen for 2003).

Norsk språkråd har sjølv i fleire samanhengar peikt på behovet for funksjonelle og organisatoriske endringar, og spørsmålet vart første gongen presentert for Stortinget i St.meld. nr. 13 (1997–98) *Målbruk i offentleg teneste*, jf. Innst. S. nr. 174 (1997–98). I St.meld. nr. 9 (2001–2002) *Målbruk i offentleg teneste* er det gjort kort greie for korleis saka vart behandla i dei etterfølgjande åra, jf. Innst. S. nr. 109 (2001–2002).

I St.meld. nr. 48 (2002–2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014* (kulturmeldinga), fremja 29. august 2003, gav departementet ein oppdatert statusrapport etter at omdanningsarbeidet for alvor var kome i gang på nyåret 2003. Saka er også kort omtalt i St.prp. nr. 1 (2003–2004) for Kultur- og kyrkjedepartementet (budsjettproposisjonen for 2004).

Departementet har lagt til grunn at den omtalte omdannings- eller omleggingsprosessen må ha som utgangspunkt at det er tale om å etablere ein ny institusjon i staden for Norsk språkråd. Det er

også vist til at eit rådsorgan av Norsk språkråds type ikkje nødvendigvis er den mest tenlege modellen for organisering og forankring av den nye institusjonen.

I kulturmeldinga vart det varsla at departementet i løpet av 2004 ville koma tilbake til Stortinget med spørsmålet om den formelle organiseringa og styringa av den nye institusjonen. Meldinga viser i den samanhengen til at Norsk språkråd i si tid vart oppretta ved eiga lov, og såleis ikkje kan avviklast før lova er endra eller oppheva. Gjennom behandling av innstillinga frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om kulturmeldinga, Innst. S. nr. 155 (2003–2004), har Stortinget stadfesta si støtte til skipinga av det nye kompetansesenteret for norsk språk, og det heiter at komiteen ventar på at departementet kjem tilbake til Stortinget med ei sak om dette.

### 3 Nærmare om omdanningsprosessen

Omdanninga av Norsk språkråd har frå starten vore tenkt som ein gradvis prosess utan fastlagde etappar eller eit klart definert endepunkt. Det er lagt opp til å vurdera og utgreia relevante spørsmål undervegs, etter kvart som dei ulike brikkene fell på plass.

I det følgjande gjer vi greie for det viktigaste av det som er skjedd til no, og skisserer nokre hovudtrekk i prosessen vidare.

Departementet utarbeidde først ei prosjektskisse, som låg føre i slutten av mars 2003. Parallelt vart det utlyst ei nyoppretta stilling som direktør. Tilsetjing skjedde i august 2003, og direktøren byrja i stillinga 1. januar 2004.

I samsvar med opplegget i prosjektskissa engasjerte departementet våren 2003 ein uavhengig konsulent til å gjennomføra ein intern organisasjonsanalyse av sekretariatet i Norsk språkråd og for å evaluera institusjonens utoverretta funksjonar. Rapporten frå organisasjonskonsulenten låg føre i slutten av juni 2003 og utgjer ein del av grunnlagsmaterialet for den vidare prosessen.

I viktige fasar av prosessen har departementet stått i nær kontakt med leiar og nestleiar i styret for Norsk språkråd. Det har m.a. vore drøfta korleis ein skulle få til ein smidig overgang frå den gamle til den nye institusjonen.

Den påtenkte omdanninga gjorde at ein fann det lite tenleg å oppnemna nytt råd da den ordinære funksjonstida for det sitjande rådet gjekk ut i februar 2004. I staden er no funksjonstida for det sitjande

rådet prolongert inntil vidare. Dette kravde endringar i vedtektene for Norsk språkråd, og desse vart vedtekne gjennom kronprinsregentens resolusjon av 9. januar 2004.

Dei endra vedtektene inneheld også ei føresegn om at dei ordinære styrefunksjonane for Norsk språkråd skal ivaretakast av eit interimsstyre oppnemnt av Kultur- og kyrkjedepartementet. Etter tidlegare vedtekter skulle det vera eit styre på seks medlemmer valt av og blant rådet sjølv, halvparten frå kvar av dei to like store seksjonane som rådet er delt inn i, nynorskseksjonen og bokmålsseksjonen. Av desse skulle dei to seksjonsleiarane skifta om å vera leiar og nestleiar for eitt år om gongen.

Tanken om å oppnemna eit interimsstyre er eitt av elementa i den prosjektskissa som ligg til grunn for omdanningsarbeidet. Det trengst eit styreorgan som ved sida av direktøren, innanfor dei rammene som blir fastlagde av departementet, kan leia omdanningsarbeidet og førebu etableringa av den nye institusjonen.

Det ville ikkje vera naturleg at denne funksjonen låg hos eit styre som er valt av den institusjonen som skal avviklast. For likevel å sikra ein viss kontinuitet i overgangsfasen vil dei to seksjonsleiarane inngå som medlemmer i interimsstyret. Dette er fastsett i dei endra vedtektene, og dei to tidlegare seksjonsleiarane vart attvalde av det prolongerte rådet i februar.

I samsvar med dette har departementet no oppnemnt eit interimsstyre på sju medlemmer, inkludert dei to seksjonsleiarane. Departementet har også fastsett mandat for interimsstyret.

Departementet har lagt til grunn at den nye institusjonen skal byggja opp gode kontaktar til alle delar av det norske språksamfunnet. Dette krev brei deltaking og ein open prosess også i sjølve omdanningsfasen. Prosessen må derfor strekkja seg over noko lengre tid enn det som elles ville vore nødvendig.

Departementet arbeidde gjennom hausten 2003 med å førebu den eksterne fasen av utgreiings- og omdanningsprosessen, og eit særskilt drøftingsdokument vart 20. januar 2004 sendt på høyring til meir enn 300 adressatar med frist 20. april. Mottakarane av dokumentet vart i tillegg bedne om å gjera saka kjend for aktuelle underliggjande institusjonar eller tilknytte foreiningar, organ, medlemmer eller liknande.

I samråd med departementet har dessutan Norsk språkråd som ein del av rådsmøtet i februar 2004 arrangert eit dagsseminar med inviterte foredragshaldarar og gjester. Rapporten frå seminaret vil også inngå som ein del av bakgrunnsmaterialet for den vidare prosessen.

I det nemnde høyringsdokumentet har departementet lagt til grunn at ei av oppgåvene for interimsstyret bør vera å få utarbeidd eit strategidokument for den nye institusjonen. Føresetnaden er at interimsstyret for dette formål kan oppnemna ei særskild arbeidsgruppe. Dette inneber i praksis at arbeidet med strategidokumentet bør strekkja seg over ei viss tid. Dei innkomne høyringsfråsegnene vil utgjera ein del av grunnlagsmaterialet i dette arbeidet.

Ønsket om å utarbeida eit strategidokument er elles i samsvar med signalet i prosjektskissa om at det kunne bli aktuelt å gjennomføra nødvendig fagleg utgreiingsarbeid som ein del av organisasjonsutviklinga. Dette bør også sjåast i samheng med eit opphavleg framlegg frå Norsk språkråd på råds-møtet i 2002 om eit meir omfattande utgreiingsarbeid, jf. nærmare omtale under kap. 12.1 i kulturmeldinga.

Det er i grunnlagsdokumenta understreka at den nye institusjonen må kunna arbeida strategisk, både med tanke på prioritering av oppgåver og i måten han opptrer på overfor samfunnet ikring. Strategidokument vil først og fremst ha som funksjon å leggja opp til handlingsretta prioriteringar og må i hovudsak byggja på det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre frå før. Dette hindrar ikkje at dokumentet kan identifisera og formulera tema eller problemstillingar som det kan vera behov for å utgreia og analysa nærmare på eit seinare tidspunkt.

Departementet har i høyringsdokumentet lagt til grunn at eit slikt samspel mellom utgreiing og analyse på den eine sida og målretta tiltaksarbeid på den andre sida står fram som den mest tenlege framgangsmåten for det språkpolitiske arbeidet. Den nye institusjonen bør derfor bli eit mest mogleg fleksibelt instrument som raskt kan tilpassa seg nye utfordringar og prioriteringar. I høyringsdokumentet er det lagt til grunn at det samla oppgåvespekteret ikkje må fastleggjast ein gong for alle, jamvel om det naturleg vil vera ein del kjernefunksjonar som den nye institusjonen til kvar tid vil måta ivareta.

Ein konsekvens av dei føresetnadene som det er gjort greie for ovanfor, er at det førebels ikkje er aktuelt å ta standpunkt til korleis den nye institusjonen bør innrettast, og kva for organisering og styringsordning det bør leggjast opp til på meir varig basis. Det bør ikkje takast endeleg avgjerd om dette før interimsstyret har kome eit godt stykke på veg i arbeidet sitt, m.a. når det gjeld strategiutviklinga.

På denne bakgrunn vil det ikkje vera tenleg å leggja fram forslag for Stortinget om permanent organisering og styring av den nye institusjonen i lø-

pet av hausten 2004. Den interimbaserte styringsordninga som det er gjort greie for ovanfor, bør i alle høve halda fram lenge nok til at ein kan få gjennomført nødvendig utgreiingsarbeid innanfor ramma av den omtalte strategiplanen. Dette tilseier at funksjonsperioden for det interimsstyret som nettopp er oppnemnt, truleg bør strekkja seg til om lag 1. januar 2006.

Departementet vil likevel leggja opp til at den nye institusjonen formelt blir etablert med verknad frå 1. januar 2005. Dette inneber at den noverande rådsordninga kan avviklast frå same dato, og at ein ikkje treng innkalla til nytt rådsmøte på nyåret 2005. Den etablerte rådsordninga har såleis utspelt mykje av si rolle som resultat av den pågåande omdanningsprosessen og den interimbaserte styringsordninga som er etablert, og det er mest tenleg å konsentrera ressursane om framtidsretta aktivitetar.

Ein føresetnad for å kunna gjennomføra det formelle skiftet frå gammal til ny institusjon frå 1. januar 2005 er at det noverande lovgrunnlaget blir endra. Dette er bakgrunnen for at departementet i denne proposisjonen fremjar forslag om å oppheva lov om Norsk språkråd.

Dette er i samsvar med det departementet varsla i det nemnde høyringsdokumentet av 20. januar 2004. Det heitte her at departementet tok sikte på å fremja ein lovproposisjon så snart Stortinget hadde behandla kulturmeldinga våren 2004.

Departementet vil elles koma tilbake med nødvendige framlegg om formell etablering av den nye institusjonen i samband med budsjettframlegget for 2005.

#### **4 Spørsmålet om eit alternativt lovgrunnlag**

I Innst. S. nr. 155 (2003–2004) har eit mindretal i familie-, kultur- og administrasjonskomiteen, medlemmene frå Ap, SV og Sp, vist til at Norsk språkråd i si tid vart oppretta ved eiga lov, og at også den nye institusjonen derfor må ha ei klar lovforankring. Mindretalet ber regjeringa koma tilbake til Stortinget med ei vurdering av korleis dette best kan gjerast.

Departementet finn det ikkje formålstenleg å gjera ei endeleg vurdering av lovspørsmålet i denne omgang. Det er ikkje noko formelt krav om lovheimel for å etablere den nye institusjonen. Dette hindrar ikkje at spørsmålet om alternativ lovgjeving i ei eller anna form kan vurderast som eit ledd i den vidare omdanningsprosessen eller seinare.

Det er m.a. nødvendig å avventa ei nærmare vurdering av dei innkomne høyringsfråsegnene, og også interimsstyret bør ha høve til å behandla alle sider av omdanningsprosessen før det blir teke endeleg stilling til kva for legale verkemiddel som eventuelt kan vera aktuelle. Det er naturleg at dette også inngår i strategiarbeidet som interimsstyret skal ha ansvaret for.

Med framhald av ei interimsbasert styringsordning eit års tid etter at den nye institusjonen er formelt etablert frå 1. januar 2005, vil det ikkje vera nødvendig å avklara moglege lovgjevingsspørsmål innan denne datoen.

Med utgangspunkt i den lova som no blir foreslått oppheva, finn departementet det likevel rett alereie i denne proposisjonen å drøfta spørsmålet om ei spesifikk lovforankring av den nye institusjonen noko nærmare.

Heimel i lov er nødvendig for å gi statlege styresmakter rett til å gjennomføra tiltak som inneber inngrep i private forhold. Ingen av føresegnene i noverande lov om Norsk språkråd har eit innhald som gir rett til den type inngrep som her er nemnde. Lova er ganske kort, og omfattar først og fremst ei opplisting av oppgåver institusjonen skal ivareta.

Lova fastset at Norsk språkråd skal verna om den kulturarv som norsk skriftspråk og talespråk representerer, fremja tiltak som kan auka kunnskapen om norsk språk, og språkets historie og eigenart, fremja toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle som brukar norsk språk i dei ulike variantane, og verna om dei rettar den enkelte borgar har når det gjeld bruk av språket.

Vidare er det fastsett at Norsk språkråd skal gi styresmaktene råd i språkspørsmål, særleg når det gjeld språkbruken i skulen, i Norsk rikskringkasting og i statstenesta, uttala seg om prinsipp for normering av skriftspråket og av stadnamn, og koma med forslag til lovgjeving i språkspørsmål. Dessutan heiter det i lova at Norsk språkråd skal gi råd og rettleiing til allmenta, fremja og delta i nordisk samarbeid om språkdyrking, og sørgja for å informera om resultatane av rådets arbeid.

Norsk språkråd har rett nok meir spesifikke og vidtgåande fullmakter i normeringsspørsmål. Rådet kan gjera endeleg vedtak i visse normeringsspørsmål. Men dette er regulert i vedtektene og har ikkje spesifikk heimel i lova. Fullmaktene vart først tekne inn i vedtektene etter at dei var lagde fram for Stortinget gjennom St.meld. nr. 100 (1980–81) *Endringer i rettskrivningen og læreboknormalen for bokmål*.

Det er etter dette på det reine at Norsk språkråd også utan å ha forankring i lov kunne vore tilagt dei same oppgåvene og fullmaktene som i dag.

Når Norsk språkråd likevel vart forankra i eiga lov, må det sjåast i samanheng med den spesielle språkpolitiske situasjonen som låg til grunn for at det til slutt vart semje om å skipa eit råd for språkvern og språkdyrking til avløyning av det tidlegare organet Norsk språknemnd. Norsk språknemnd var etablert frå 1952 etter ordinært plenumsvedtak i Stortinget og hadde altså ikkje særskild lovforankring slik som etterfølgjaren Norsk språkråd.

I samband med framlegget i Ot.prp. nr. 95 (2001–2002) om å oppheva den såkalla tilnæringsparagrafen i lov om Norsk språkråd har departementet kort gjort greie for noko av innhaldet i den språkstriden som førte til at det i 1964 vart nedsett ein særskild komité til å gå gjennom heile språksituasjonen i landet, den såkalla Vogt-komiteen. Det heitte i den kongelege resolusjonen at komiteen i tilfelle skulle koma med framlegg til lovreglar og andre tiltak som kunne tena til å samla kreftene om å verna og utvikla norsk språk.

Det daverande Norsk språknemnd hadde m.a. ein formålsparagraf som var omstridd, og var først og fremst eit fagorgan utan direkte språkpolitisk representasjon. Vogt-komiteen fekk i mandat å vurdere korleis denne nemnda, «eventuelt utbygd til eit norsk språkakademi», kunne få tilslutning frå alle som er interesserte i å verna og auka rikdommen i norsk språk. I eit eige punkt i mandatet fekk komiteen uttrykkeleg beskjed om at å vurdere lovfesting av Norsk språknemnd eller eit norsk språkakademi og dei oppgåvene dette organet skulle ha.

I innstillinga si frå 1966 følgde Vogt-komiteen opp dette ved å fremja forslag om at Norsk språknemnd skulle avløyast av eit «språkvernråd», og at etableringa av rådet vart heimla i lov. Lovspørsmålet er likevel ikkje nærmare problematisert eller grunngeve. Heller ikkje i dei etterfølgjande stortingsdokumenta er dette uttrykkeleg drøfta.

Sjølv om lovforankring hadde ein klar funksjon den gongen Norsk språkråd vart etablert og i åra etterpå, kan det synast meir tvilsamt om dette formelle grunnlaget i dei seinare åra har vore med på å gi rådet og institusjonen større autoritet og gjennomslagskraft enn det som elles ville vore tilfelle. Mykje kan tyda på at slike faktorar som aktivitetsinnhald og arbeidsmåtar i dag har meir å seia i så måte enn kva slags formell forankring institusjonen har.

Dagens språkpolitiske situasjon er annleis enn den gongen Norsk språkråd vart førebudd, og den nye institusjonen er derfor tenkt innretta på ein annan måte. Eit overordna utgangspunkt er at den nye institusjonen skal driva eit meir utoverretta arbeid og leggja stor vekt på haldningsskapande tiltak. Her er det andre verkemiddel enn lovgjeving som først og fremst trengst.

Det substansielle grunnlaget i lova om Norsk språkråd er den innleiande føresegna om etablering av eit råd. Sjølve rådsordninga er elles forankra i lova gjennom føresegna i § 2 om at Kongen fastset nærmare vedtekter om samansetjinga og organiseringa av rådet og for verksemda. Som omtalt i budsjettproposisjonen for 2003 har departementet lagt til grunn at eit rådsorgan av Norsk språkråds type ikkje nødvendigvis er den mest tenlege modellen for organisering og forankring av den nye institusjonen.

I prosjektskissa har departementet lagt vekt på at institusjonen i alle høve må ha ei vidare samfunnsmessig forankring enn det ein kan oppnå gjennom fast rådsrepresentasjon med formell avgjerdsrett. Ei slik ordning kan verka ekskluderande i høve til dei interesser og grupper som det av naturlege grunnar ikkje blir plass til innanfor ein formelt avgrensa kontekst. All direkte og systematisk forankring til samfunnet utanfor bør helst skje i former som inviterer til aktiv medverknad framfor å opna for passiv representasjon.

I høyringsdokumentet av 20. januar 2004 har departementet såleis gitt uttrykk for at siktemålet må vera at den breiare samfunnsmessige medverknaden må skje i meir aktive, varierte og fleksible former enn det som er mogleg å oppnå gjennom årlege rådsmøte der ei gruppe på førehand utpeikte representantar møtest til drøftingar og avrøystingar i fast organiserte former. Departementet har på denne bakgrunn invitert høyringsinstansane til m.a. å skissera tankar om på kva område dei sjølve meiner å kunna delta i det samla språkpolitiske arbeidet, og i kva former dei kan tenkja seg å samarbeida med den nye institusjonen. Det er nemnt at slike kontaktar reint praktisk kan tenkjast organi-

sert i mange ulike former, meir eller mindre formalisert eller fast. Det heiter at referansegrupper, dialogfora, seminar- og møteverksemd, konferansar, e-postfora er stikkord som kan seia noko om dei ulike kommunikasjonsformene som bør vurderast. Formene for dette treng heller ikkje fastleggjast ein gong for alle, men kan takast i bruk etter behov og på bakgrunn av dei røynslene ein etter kvart vil hausta.

Det er føresetnaden frå departementet si side at det oppnemnde interimsstyret i samråd med direktøren skal ha eit særskilt ansvar for å byggja ut den vidare samfunnsforankringa i tråd med premissane ovanfor. Dette vil måtta inngå som eit sentralt element i det strategiarbeidet som interimsstyret skal ha hovudansvaret for å driva fram.

## 5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Lovframlegget har i seg sjølv ingen direkte økonomiske eller administrative konsekvensar.

Kultur- og kyrkjedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om oppheving av lov 18. juni 1971 nr. 79 om Norsk språkråd.

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjera vedtak til lov om oppheving av lov 18. juni 1971 nr. 79 om Norsk språkråd i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

**Forslag**  
**til lov om oppheving av lov 18. juni 1971 nr. 79 om**  
**Norsk språkråd**

I

Lov 18. juni 1971 nr. 79 om Norsk språkråd blir  
oppheva.

II

Lova trer i kraft frå den tid Kongen fastset.

---

---